

NORDDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKLALLING

---

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Onsdag, 3.10.2018 kl. 12.00 på Norddal rådhus**

#### SAKLISTE:

- Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 23. mai 2018.  
« 13/18 - Reknesaksrevisjon Norddal kommune 2017.  
« 14/18 - Budsjettforslag 2019 for Norddal kontrollutval.  
« 15/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.  
« 16/18 - Orientering om arbeidet med Fjord Kommune v/Rådmann Karl A Birkhol.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post : <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

## **Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 23. mai 2018.**

### **KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE**

### **MØTEBOK**

Møtedato: 23. mai 2018

Møtestad: Rådhuset i Norddal kommune kl. 10.30

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Turid Aspehjell

#### **= 3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte Knut Gunnar Alnes og Svein Ove Otterlei.

Frå Norddal kommune møtte ordførar Arne Sandnes (deler av møtet), rådmann Karl Andre Birkhol, økonomisjef Elin Amdam og kommunalsjef Toralv Klokkehaug (deler av møtet).

Det var ingen merknader til innkallinga. Leiar Gudmund Relling foreslo å starte med orienteringssakene noko som utvalet slutta seg til.

---

### **11/18 - Orienteringar ved rådmann Karl Andre Birkhol**

#### **1. fiskeplassar Valldøla**

Ordførar Arne Sandnes, rådmann Karl Andre Birkhol og kommunalsjef Toralv Klokkehaug ga ei samla framstilling av ulike hendingar knytt til utgreiinga av fiskeplassar i Valldøla.

#### **Kontrollutvalets samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet vil eventuelt kome tilbake til saka ved eit seinare høve.

## **2. praktisering av regelverk for tildeling av SMIL midlar**

Kommunalsjef Toralv Klokkehaug ga ei orientering kring gjeldande regelverk og forutsetningar for tildeling av SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) midlar.

### **Kontrollutvalets samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

---

### **Sak 06/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 29. januar 2018.**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 29. januar 2018 blir godkjent.

---

### **Sak 07/18 - Årsmelding 2017 – Norddal kommune.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet 15. mai 2018

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Norddal kommune til orientering.

---

### **Sak 08/18 - Årsrekneskap 2017 – Norddal kommune.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet 15. mai 2018

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

**Uttale til kommunestyret :**

Norddal kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.

**Sak 09/18 - Eigarskapskontroll – ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøselskap AS). Kunnskapsdeling med Norddal kommune.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet 15. mai 2018

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**Sak 10/18 - Oppfølging av sak 02/18 «Plan for forvaltningsrevisjon» – forslag på skisse til kontroll av byggesaksbehandling i Norddal kommune.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet 15. mai 2018

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet set i gong arbeidde med ein forvaltingsrevisjon av byggjesakshandsaming og kontroll i Norddal kommune i samsvar med vedlagte prosjektplan.

---

**Møtet vart avslutta kl. 12.00**

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
nestleiar  
(sign.)

Turid Aspehjell  
medlem  
(sign.)

## **Sak 13/18 - Rekneskapsrevisjon Norrdal kommune 2017**

*Vedlegg: Brev fra Kommunerevisjon 3, datert 20. august 2018; Rekneskapsrevisjon 2017 – Norrdal kommune.*

Bakgrunn:

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapen, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimsrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekt gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal halde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislede handlingar

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet og overordnet revisjonsstrategi 2018. Rapportene legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapportene står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

**På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

**vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Mottakarar:  
Norddal kontrollutval

Rådmannen i Norddal kommune

Vår sakshandsamar:

Vår dato:

20.08.2018

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

## Rekneskapsrevisjon 2017 – Norddal kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2017 for Norddal kommune.

Vår oppgåve er i første rekke å gje ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærmare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

### Kassaettersyn i samband med verksemdsbesøk

Kommunen prøver å avgrense bruken av kontantkasser. Det blir nytta ei kasse i resepsjonen for sal av bøker om jakt og fiske, kart, kopiering o.l. For denne kassa er det utført kontroll/kassatelling og funne i orden. Det blir og nytta ei kasse ved Tafjord Friluftsbad, men dette er kun i den perioda badet held ope.

**Postadresse:**  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse:**  
Lerstadveien 545, 4 etg.  
**Epost:**  
komrev3@komrev3.no

**Telefon:**  
70 17 21 50  
**Telefaks:**  
70 17 21 51

**Bankkonto:**  
6540 05 00465  
**Føretaksregisteret:**  
NO 971 562 587

På legekontoret blir det nytta ein betalingsautomat. Her kan ein betale med kontantar eller bankkort, eller ein kan velje å få tilsendt faktura. Slik rutinene blir omtalt med omsyn til å tøme automaten, setje penger i bank, fylle på vekslepengar og liknande, ser dette ut til å fungere godt.

#### Skiljet mellom drift og investering

Ulike tema innafor drift/investering er tatt opp i møte med leiinga.  
Investeringsrekneskapen for 2017 er gått gjennom utan at det er notert vesentlege feil.

#### Oppfølging av periodisering, mellom anna variabel løn desember

God kommunal reknereksskikk legg til grunn at kommunane bruker «anordningsprinsippet». Det vil seie at utgifter og inntekter knytt til det aktuelle året blir inntektsført og utgiftsført på dette året. Når det gjeld variabel lønn i desember har det vore ulik praksis i kommunane. Norddal har ikkje praktisert periodisering til desember for denne posten, og dette er ikkje i samsvar med god communal reknereksskikk. Temaet er diskutert med leiinga og vil bli følgd opp vidare.

#### Salsområdet – Pleie og omsorg – Rutinar for fakturering

Vi har sett på rutina for utfakturering av tjenester innafor heimehjelp. Dette omfattar bruk av timer og levering av mat. Rutinane ser ut til å fungere godt og sikrar rett fakturering. Saksbehandlar mottar fakturagrunnlag med tal på timer signert av brukar og heimehjelp. Timesatsen er gradert ut frå inntekt og der er ulike maksimalbeløp pr. mnd. For levering av mat mottar saksbeandler månadlege oppgåver frå kjøkkenet over kva som er levert. Prisane her er fastsett etter vedtak.

#### Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp

Vi har gjennomført ein stikkprøvekontroll av offentlege innkjøp over nasjonal terskelverdi. Vi har gått ut frå innkjøp over ein 4-års periode der innkjøpa har vore over 500 000,-/1,1 mill. frå same leverandør. Det er 5 leverandører som er kontrollert.

Dei to største er lagt ut på Doffin.

Når det gjeld dei tre andre så omfattar det eine eit tilbod der denne tilbydaren iflg. kommunen er den einaste aktuelle utifra geografisk plassering og tilbod.

Det andre gjeld kjøp av bedriftshelseteneste, ca 1,5 mill. over 4-års peioda, det mest vesentlege i 2017. Iflg. kommunen hadde dei fram til 2017 avtale med leverandøren om bedriftshelsetenester, og for å lukke pålagde avvik i organisasjonen vart denne leverandøren brukt også til dette sidan dei var godt kjend med organisasjonen.

Det siste tilfellet gjeld kjøp av vikartenester. Dette gjeld 2016 og 2017, til saman ca kr 880 000,-. Iflg. kommunen var desse avtalane gjort før vikartenestene vart konkurransesett.

Gjennomgang av reisegodtgjersle

Kommunen arbeider med å overføre reiserekningane til eit elektronisk system med elektroniske signeringar.

I rekneskapsåret er det gjennomført stikkprøvekontroll på ein del reiserekninger. Resultatet viser ingen vesentlege avvik i forhold til regelverket for reiserekningar.

Med helsing



Knut G. Alnes

oppdragsansvarleg revisor

## **Sak 14/18 - Budsjettforslag 2019 for Norddal kontrollutval.**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapene sine budsjett blir vedteke av selskapene sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Norddal kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggast i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Stordal kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 30.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 15/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

*Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. september 2018.*

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggast fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

Norddal kontrollutval

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
10.09.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

**Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS**

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
  - Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune
  - Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune
  - Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune
  - Johs Aspehaug, styreleiar
  - Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar
2. *Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
3. *Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigalarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:  
«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»*
4. *Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
5. *Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med dette vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

**Postadresse:**  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse:**  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
**Epost:**  
komrev3@komrev3.no

**Telefon:**  
70 17 21 50  
**Foretaksregisteret:**  
NO 971 562 587


Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
  - 3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter
  - Styrets leder i MRR
  - Daglig leder i MRR
  - Ansattrepresentant fra MRR
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

*Representanter:*

*Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara  
Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara  
Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara*

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing  
  
Kurt Løvoll  
konst. dagleg leiar

## **Sak 16/18 - Orientering om arbeidet med Fjord Kommune v/Rådmann Karl A Birkhol.**

*Vedlegg: Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat.*

Bakgrunn:

Fokuset til kontrollutvalet etter at vedtak om samanslåing er fatta.

Kontrollutvalet bør i denne fasen vurdere å endre fokus frå den normale bakoverskuende tilnærminga til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be prosjektleiar og rådmenn jamleg orientere om prosessen. Vidare bør kontrollutvalet hjelpe til at fokuset på internkontroll, interkommunalt samarbeid, eigarstyring mv. er på plass både i forhold til ny kommune, men også i «gammal kommune» inntil denne stansar.

På bakgrunn av den informasjonen som er forventa å verte nærmare belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat